

Opplæringsavdelinga
Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Knarvik 30.3.2016

Gjeld prognoseinntaket 16/17

Knarvik vidaregåande skule (KNV) har nokre kommentarar når det gjeld prognoseinntaket for neste skuleår. Dette gjeld desse utdanningsprogramma våre:

1. Bygg og anleggsteknikk

Her har vi ein stor auke i talet på primærsøkjarar til Vg1, totalt 43. Trenden er den same som elles i fylket. Verkstads-kapasiteten på skulen gjer at vi ikkje kan auke talet på klassar i dette utdanningsprogrammet.

2. Service og samferdsel

Prognoseinntaket viser at vi har 29 primærsøkjarar til 30 plassar. Dette ser greitt ut med tanke på at vi har to VG1 klassar inneverande år.

Når vi likevel vel å kommentere dette, er det på grunn av erfaringane vi har gjort så langt dette skuleåret. Stor forskjell i alder, faglege og språklege føresetnader har ført til at det har vore vanskeleg å få god framdrift i undervisninga og samstundes leggje til rette for den enkelte elev. Vi har difor vore i kontakt med Opplæringsavdelinga med tanke på å få ein innføringsklasse.

3. Design og handverk

Her har vi låge søkjartal til Vg2-klassane, 3 søkjarar til Design og tekstil og 5 søkjarar til Interiør og utstillingsdesign. Etter samtale med inntaksleiar vil Design og tekstil kunne få 7 søkjarar dersom Interiør og utstillingsdesign vert lagt ned, og Interiør og utstillingsdesign vil kunne få 8 søkjarar dersom Design og tekstil vert lagt ned.

Vår vurdering er då at eit av VG2-tilboda må leggjast ned for komande skuleår, truleg vert det Design og tekstil.

Skulen har allereie mista VG1 Formgjevingsfag, og ein så omfattande reduksjon i programfaga innafor DH og STFO vil truleg føre til overtal innafor fagområdet.

Rektor tar kontakt med personalseksjonen for å drøfte personalspørsmål i samband med overtal. Etter avtale med inntaksleiar kjem vi tilbake til spørsmålet om nedlegging i løpet av onsdag 6.4.

4. Helse og oppvekstfag

Skulen har høge søkjartal på dette utdanningsprogrammet. Vi ønskjer å auke talet på VG1 klassar frå 3 til 4. Det vi styrke rekrutteringa til skulen sine VG2 klassar. Skulen har rom-kapasitet til denne utvidinga.

5. Studiespesialisering

Dei siste åra har vi kombinert 3 ½ klasse på VG1-ST med ½ klasse på VG1-STFO. Det er no naturleg å ha 4 klassar på VG1-ST. Kombinasjonen med ST og STFO held fram på VG2 og VG3 Denne delinga må som før skje i samarbeid mellom skulen og inntakskontoret, det har vi berre gode erfaringar med.

6. Påbygg. gen.studiekompetanse

Sjølv om det god søknad ønskjer vi ikkje å utvide tilbodet for komande år. Det vil gje oss nokre utfordringar i bruken av store klasserom

Dersom det er spørsmål kring noko av dette er det berre å ta kontakt med skulen.

| Utdanningsprogram | Skulen sitt elevtal | Tal klassar | Primær-søkjarar | Tatt inn (fylket) | Merknad |
|-----------------------------|---------------------|-------------|-----------------|-------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| BA | | | | | |
| Bygg & anl.tekn. Vg1 | 24 | 2 | 43 | 24 | |
| Byggteknikk Vg2 | 14 | 1 | 12 | 14 | |
| TAF Byggfag Vg1 | ? | 1 | 31 | Sjå merknad | Inntaket på TAF vert styrt av tilgangen på læreplassar og kvalifiserte søkjarar |
| TAF Byggfag Vg2 | | | | | Direkte vidareføring frå inneverande skuleår |
| TAF Byggfag Vg3 | | | | | Direkte vidareføring frå inneverande skuleår |
| TAF Byggfag Vg4 | | | | | Direkte vidareføring frå inneverande skuleår |
| DH | | | | | |
| Design og handverk Vg1 | 15 | 1 | 15 | 15 | |
| Interiør og utst.design Vg2 | 15 | 1 | 5 | 6 | Det er truleg ikkje grunnlag for å oppretthalde begge VG2 tilboda. Ny kontakt med inntakskontoret onsdag 6.4. |
| Design og tekstil Vg2 | 12 | 1 | 3 | 3 | |
| EL | | | | | |
| Elektrofag Vg1 | 42 | 3 | 57 | 42 | |
| Elenergi Vg2 | 28 | 2 | 36 | 28 | |
| | | | | | |

| | | | | | |
|----------------------------|----|---|----|-------------|---------------------------------------------------------------------------------|
| TAF Elektrofag Vg1 | ? | 1 | 50 | Sjå merknad | Inntaket på TAF vert styrt av tilgangen på læreplassar og kvalifiserte søkjarar |
| TAF Elektrofag Vg2 | | | | | Direkte vidareføring frå inneverande skuleår |
| TAF Elektrofag Vg3 | | | | | Direkte vidareføring frå inneverande skuleår |
| TAF Elektrofag Vg4 | | | | | Direkte vidareføring frå inneverande skuleår |
| HO | | | | | |
| Helse- og oppvekst Vg1 | 42 | 3 | 58 | 42 | Mrk: Skulen ønskjer å auke til 4 klassar på VG1 |
| Helsearbeidarfag Vg2 | 28 | 2 | 26 | 28 | |
| TAF Helse & oppv. Vg1 | ? | 1 | 59 | Sjå merknad | Inntaket på TAF vert styrt av tilgangen på læreplassar og kvalifiserte søkjarar |
| TAF Helse & oppv. Vg2 | | | | | Direkte vidareføring frå inneverande skuleår |
| TAF Helse & oppv. Vg3 | | | | | Direkte vidareføring frå inneverande skuleår |
| TAF Helse & oppv. Vg4 | | | | | Direkte vidareføring frå inneverande skuleår |
| TIP | | | | | |
| Tekn. og ind. prod. Vg1 | 75 | 5 | 60 | 73 | Mrk: Korrigering av elevplassar |
| Industrieteknologi Vg2 | 28 | 2 | 19 | 28 | |
| Kjemiprosess Vg2 | 28 | 2 | 14 | 20 | |
| TAF Tekn. & ind. Prod Vg1 | ? | 1 | 30 | Sjå merknad | Inntaket på TAF vert styrt av tilgangen på læreplassar og kvalifiserte søkjarar |
| TAF Tekn. & ind. prod. Vg2 | | | | | Direkte vidareføring frå inneverande skuleår |
| TAF Tekn. & ind. prod. Vg3 | | | | | Direkte vidareføring frå inneverande skuleår |
| TAF Tekn. & ind. prod. Vg4 | | | | | Direkte vidareføring frå inneverande skuleår |

| | | | | | |
|-----------------------------------|-----|-------|-----|--------------|------------------------------------------------------------------------------------------|
| SS | | | | | |
| Service og samferdsel Vg1 | 30 | 2 | 29 | 30 | |
| Sal, service og tryggl. Vg2 | 14 | 1 | 8 | 14 | |
| Transport og logistikk Vg2 | 15 | 1 | 19 | 15 | |
| ST-FO | | | | | |
| Studiesp. m/formgj.fag Vg1 | | | | | Lagt ned |
| Studiesp. m/formgj.fag Vg2 | 15 | 1/2 | 7 | 7 | Kombinasjon av STFO og ST |
| Studiesp. m/formgj.fag Vg3 | 15 | 1/2 | 14 | 14 | Kombinasjon av STFO og ST |
| ST | | | | | |
| Studiespesialisering Vg1 | 112 | 4 | 111 | 120 ? | 4 heile klassar ST p.g.a. VG1-STFO er lagt ned Mrk: Korrigering av elevplassar |
| Studiespesialisering Vg2 | 97 | 3 1/2 | 76 | 97 | Kombinasjon av STFO og ST, sjå kommentar på ST |
| Studiespesialisering Vg3 | 109 | 3 1/2 | 105 | 109 | Kombinasjon av STFO og ST, sjå kommentar på ST |
| ST-PÅ | | | | | |
| Påbygg studiekompet. Vg3 | 28 | 1 | 55 | 28 | |
| KUP (kl. med red. elevtal) | | | | | |
| Eige særskilt inntak | | | | | |

Mvh

Svein Ellingsen
Konst. rektor

Knarvik vidaregåande skule